

Gardsbarnehagen eit stort pluss for Uskedalen!

11.10.2007



Helene Huse Bjørnebøle har ein travle innspurt med den nye barnehagen, men lover at det skal vera klart for mottak av dei fem første barna på måndag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag opnar den private Dønhaug Gardsbarnehage dørene for dei første ungane og med det har Helene Huse Bjørnebøle og dei andre eldsjelane bak prosjektet gjort ein imponerande jobb. Eller som møteleiar Kristian Bringedal sa det under ettermøtet i Gamleskulen: - Dykk har gjort ein kjempejobb og barnehagen vil bli eit stort pluss for Uskedalen!

Dønhaug-opninga betyr at det blir teke eit nytt og viktig steg mot full barnehagedekning i Kvinnherad. Over 700 barn har så langt tilbod om barnehageplass og det er ein dekningsgrad på 86 prosent.

Helene innrømmer at det har vore ein lang prosess fram mot målet, men ho har full forståing for at eit prosjekt som dette må vera skikkeleg og trygt på alle måtar og klandrar ingen for at det har teke tid. Difor er ho berre glad når barnehagen no kan opna.

- Dette er ikkje som å byggja eit vanleg hus, sleg ho fast.

Ho har teke inn 20 ungar frå kommunen si venteliste og så godt som alle kjem frå Uskedalen. Det er plass til 16 på ein gong og foreldra har fått valet mellom fem, fire, tre eller to dagar.

Barnehagen skapar fem nye arbeidsplassar: Styrar er Helene og ho er førskulelærar. Det er også Hilde Tungesvik. Sara H. Arnesen og Renate Natås er assistenter og Kjerstin Hjelmeland fagarbeidar.

- Vi satsar på ein tilvenningsperiode, kall det gjerne ein mjuk start. Vi vil ha litt tid til å ta oss skikkeleg av kvart barn. Måndag kjem dei første fem og fredag fire til. Så skjer det ei gradvis opptrapping til 16 slik at huset er fullt den 15. november, fortel Helene.

Men den offisielle opninga vil skje 5. november,

Det er eit stort løft som er teke også økonomisk – det fortel byggjelånet på tre millionar om. Til finansiering av drifta får ho støtte frå stat og kommune i tillegg til foreldrebetalinga og lover at reknestykjet skal gå i hop. Entreprenør for huset har vore Trelasten på Sandvoll, med visse unnatak: Eik Røyr har hatt rørleggjarabeid og familien har sjølv teke seg av elektrisk installasjon og utomhusarbeid medan AFA har hatt ansvaret for inngjerdinga.

Det pedagogiske opplegget blir spanande, med den store vekt som blir lagt på natur og gardsdrift som ein

inngang til leik, læring og sosial kompetanse. Dyra blir eit sentralt element i dette opplegget og sauens Valdemar er allereie på plass!

Av Ola Matti Mathisen